

Årsmøtereferrat

Årsmøtet blei haldt i Musikkhuset i Knarvik, 15. Februar 2016

1. Konstituering

a) Opning

b) Namneopprop

Viljar Bjørsvik Rath, Åge Torsvik, Marit Skeie, Vilde Gjerde, Anna Elen Ulveseth Solland, Sander Kvinge Haugsdal, Sara Beate Aspen, Benedicte Midthaug Torsvik, Elisa Randa Hansen, Katarina Duqaj Sandbakk, Oda Sundal Osland, Ingvild Fagna, Anna Nordhagen, Anne Gåsland, Birthe Kråkenes Bjørstad, Agnes Maria Fjermestad, Jorunn Nedreås, Thea Aske Haugen, Marcus Stangeland, Ole Christian Netland, Erik Træland Hella, Brynjar Mjanger Eide

c) Godkjenning av innkalling

Innkallinga blei godkjent

d) Godkjenning av dagsorden/saklista

Dagsorden/saksliste blei godkjend.

e) Val av møteleder

Brynjar Mjanger Eide leia møtet.

f) Val av 2 møterefereantar

Marit Skeie og Benedicte Midthaug Torsvik.

g) Val av 2 protokollunderskrivarar

Sara Beate Aspen og Katarina Duqaj Sandbakk.

2. Godkjenning av årsmeldinga

Årsmeldinga blei lest opp på møtet. Medlemene hadde nokre rettingar og tilføyningar. Det blei lagt til nokre gløynde dugnadar og retta opp i medlemslister. Årsmeldinga vart godkjend med nemnde rettingar og korrektur.

3. Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sine merknader

Rekneskapen for 2015 blei lest opp, og medlemmane fekk moglegheit til å kome med spørsmål. Resultatet er positivt på grunn av lav aktivitet i vårsesongen. Oster Brass har ein sunn økonomi. Rekneskapen for 2015 blei godkjend utan merknader.

4. Saker lagt fram av korpsmedlemmene

Det blei ytra ønskje om ny uniform, som erstatning for noverande svart skjorte med blå-turkise knappar og sløyfe. Nokre ytra ønskje om at logoen blei tatt i bruk, men det var delte meiningar om saka i korpset. Vedtak: Styret følgjer opp saka.

5. Saker lagt fram av korpsstyret


Ingen saker frå styret.

6. Fastsetting av kontingent


Forslag om å endre punkt om innbetaling av kontingent i vedtektene til korpset. For å betre økonomien til korpset ønskjer ein at medlemmene skal betale inn kontingent ein gong i året, ved sesongstart, framfor to som tidlegare. Forslaget blei vedtatt ved handsopprekking.

Kontingenten blei ikkje endra, og vil vere 1000kr og medlem, og 900kr for skulekorpsmusikantar.


7. **Budsjett** – Budsjettet for 2016 blei lest opp. Nytt av året er at vi får tilskot frå Knarvik Bingo. Styret oppmodar medlemmer til å sei frå om aktuelle dugnadar og andre potensielle inntektskjelder for korpset. Budsjettet godkjent utan merknader.
8. **Val**
- Leiar blir vald for 1 år – Thea Aske Haugen
 - 1 revisor, vald for 1 år – Kjetil Morken
 - Kasserar, vald for 1 år – Benedicte Midthaug Torsvik
 - Styremedlemmer, vald for 1, 1 og 2 år – Anna Nordhagen, Brynjar Mjanger Eide og Anne Gåsland.
 - Vararepresentantar, vald for 1 år – Ole Christian Netland og Oda Sundal Osland.
 - 3 medlemmer til valkomiteen vald for 1 år – Åge (leiar), Jorunn, Marit.




Marit Skeie
Referent



Benedicte M. Torsvik
Refent



Sara Beate Aspen
Protokollunderskriver



Katarina D. Sandbakk
Protokollunderskriver